

Ikkje utsett høyringsfrist



Fagerdalsvatnet er planlagt regulert med 5 meter hvis prosjektet i Børsdalselva vert til realitet

Kommunen ynskjer utsett høyringsfrist til 15. september for å uttala seg om dei 5 planlagte småkraftverka, men det går ikkje NVE med på. Dei seier nei fordi det vil gå utover den vidare sakshandsaminga.

Dei ber om at kommunen sender inn rådmannen si innstilling innan høyringsfristen 15. juli og ettersender vedtaket frå formannskapet som skal ha det fyrste møtet sitt 22. august.

Seniorrådgjevar Auen Korbøl i NVE aksepterer at kommunen kan sende inn formannsapsvedtaket i etterkant.

Han presiserer imidlertid at det er dette som vil bli lagt til grunn for deira vidare sakshandsaming når det føreligg. I mellomtida held dei til seg innstillinga frå rådmannen.

3 av dei aktuelle kraftverkprosjekta ligg i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen